

## Saksprotokoll i 03.04.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering gav slikt svar:

«Svar på spørsmål frå Kollbotn (R) - freding av MIL Veteranstasjon i Bergen

Terje Kollbotn (R) har stilt følgjande spørsmål:

1. Meiner utvalsleiaren og administrasjonen i Vestland fylke at denne gamle MIL-bensinstasjonen i Bergen frå 1928 har stor verneverdi og bør fredast av Riksantikvaren slik både byantikvar i Bergen og fylkeskonservatoren tidlegare har gitt uttrykk for?
2. Om svaret er ja, kva har fylkeskonservator og Vestland fylke gjort - eller vil gjere - for å få på plass eit endeleg fredningsvedtak hos Riksantikvaren av dette spesielle kulturminnet - og når kan det i beste fall kome på plass?

Spørsmåla gjeld MIL Veteranstasjon, Lars Hilles gate 27 i Bergen, som er ein bensinstasjon bygd i 1928. Etter at den gjekk ut av drift i 1998 er bensinstasjonen restaurert og tilbakeført til opphavleg utsjånad.

Fylkeskommunen vurderer stasjonen som ein verdifull og sjeldsynt representant for dei tidlege bensinstasjonane, med nasjonal kulturminneverdi. Bensinstasjonen vart mellombels freda av Hordaland fylkeskommune i 2011. Som oppfølging av dette har fylkeskommunen utarbeidd eit forslag til varig freding. Ved handsaminga i første høyringsrunde 8.12.2016 slutta fylkesutvalet i Hordaland seg til freding av bensinstasjonen. Fredingsforslaget var til andre gongs høyring i 2018 i Bergen bystyre, som òg slutta seg til freding.

Eit uavklart moment gjennom saksgangen har vore utbyggingsplanane på nabotomta i nord, som potensielt kan få stor innverknad på bensinstasjonen. Dette har medverka til at saka har vorten liggjande. Etter at det i 2019 vart starta opp prosess for reguleringsendring av dette arealet og sjølve bensinstasjonstomta, går det mot ei avklaring av planstatus i området. Planarbeidet opnar for at eventuelle konfliktpunkt mellom bevaring av bensinstasjonen og andre tiltak i nærområdet, vert løyste på ein måte som gagnar kulturminneverdiane.

Fredingsforslaget er planlagd oversendt Riksantikvaren før påske. Avhengig av Riksantikvarens framdrift er det mogleg at fredingsvedtaket vert fatta i løpet av våren i år.»